

HYRDINGEN



Nr. 5

Desember 2021

ÅRGANG 63

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



**Vinnar av teikne-
konkurransen:
Even Mo Vestbø
frå Sandeid.**

Sjå fleire teikningar s. 6

*Eit barn er født i Betlehem,
i Betlehem.
No frydar seg Jerusalem.
Halleluja, halleluja!*

*Her ligg han i eit krubberom,
eit krubberom,
men rår med evig herredom.
Halleluja, halleluja!*

*Men okse der og asen stod,
og asen stod,
og såg den Gud og Herre god.
Halleluja, halleluja!*

Biskopens juleandakt	s. 2	Borna teiknar jula	s. 6	Vikebygd Bedehus Betlehem	s. 11
Redaksjonspennen	s. 3	Borna si side	s. 7	Behov for fosterheimar	s. 12
Min song	s. 3	Jubilantar	s. 8	Gudstenestelista og kyrkjeboka	s. 14
Trusopplæringsprisen 2021	s. 4	Konsert i Ølen kyrkje	s. 10	Møte og arrangement	s. 15
Ungdomsklubben i Vikedal	s. 5	Arven etter Donald Trump	s. 11	Jubileumshelg på Bjoa	s. 16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529
kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Kristian Kyllingstad
Skjold kyrkje, Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Tlf 905 23 560
kristian.kyllingstad@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011
tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Juleandakt 2021

av Anne Lise Ådnøy, biskop i Stavanger



Foto: Marie von Krogh / Stavanger bispedømme

Må lyset leia oss til Jesus

Tenner du lys i adventstida? I haust vart eg merksam på artisten Anna-Lisa Kumoji. Ho fortel om krevjande år etter ei livstruande ulukke og andre vonde hendingar. Bodskapen hennar er at sjølv om livet kan gje tunge og mørke erfaringar, vil det alltid finnast eit lys. Og at viss du ikkje finn det lyset: Be om hjelp.

Lyset kan bera oss gjennom mørketida. Trygve Hoff set ord på noko eg kjenner meg igjen i. Gud er der og ser oss, sjølv om det er mørkt. «Du ser oss i mørketidslandet. Du signe med evige ord husan og fjellet og vannet og folket som leve her nord.»

Lys er eit viktig symbol i fleire religionar og livssyn. I den kristne jula er det lyset frå Jesus som skin for oss – og kan skina i oss. Av og til kjem trua til oss på uvante vegar. Ein ateist fortel at då han las i Johannes-evangeliet om Ordet som vart menneske, då «var det som nokon skrudde på eit lys, så han kunne sjå ting klart for første gong».

Me har bak oss ei tid me kjem til å huska. Kva var det me sakna då samfunnet stengde ned? Sjølv om eg

fekk forkynna på ulike kanalar, sakna eg å sjå lyset i andre sine auger. Den levande forsamlinga med smil og tårer kan ikkje erstattast av gode sendingar på skjerm. Kan lyset frå skjermene våre av og til vera meir i vegen enn til hjelp?

I tida fram mot den store feiringa av han som er lyset for verda vil eg tenna lys og møta andre ansikt til ansikt. Kven har du som vert glad av å sjå deg? Er det nokon som treng at du tenner eit lys for dei?

«I'm beginning to see the light» syng namne-systera mi Anna-Lisa. Må Gud late sitt lys skina over oss og leia oss til Jesus, heilt enkelt.

Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, fór føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. (Matteus 2,9-11).

Med ynskjer om ei signa adventstid.



Teikna av elev på Imsland skule.

Redaksjons-PENNEN

Av Steinar Skartland

Mange spente og lengtande fram mot julefeiringa. Advent er ei førebuingstid og ordet kjem av latin: «Adventus Domini», som tyder: «Herrens komme». Eller kanskje: «Adventus Christi» (Kristi komme). Snart skal vi få feira at Jesus kom. Som eit lite barn, født i fattige kår for over 2000 år sidan. Denne hausten inviterte vi borna i 1.-4. klasse til å teikna jula for oss, slik dei ser dette for seg. Det var kjekt å få bunkevis av teikningar, og nokre av dei kan du sjå her i kyrkjebladet. Tusen takk for flotte teikningar!

Det er mørkt i desember, men i kyrkjene er ofte lys. Julekonsertar, lysmesse og gudstenester. På julaften og juledag har mange tradisjonen å samlast i kyrkja. Det er flott å få tenna levande lys og syngja julesongane. Når vi tenner lysa i adventstaken kan vaksne og born stemma i:

No tenner vi det første lys,
åleine må det stå.
Vi ventar på det vesle barn
i krubba lagt på strå.

No tenner vi det andre lys,
dei står der stilt og skin.
Vi ventar på at Gud, vår Far,
vil senda Sonen sin.

No tenner vi det tredje lys,
det er eit heilagt tal.
Vi ventar på at Kongen vår
skal fødest i ein stall.

No tenner vi det fjerde lys
og natta vert til dag.
Vi ventar på ein Frelsarmann
for alle folkeslag.

Me ynskjer dykk alle ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år.

Min song

Av Guro Stople Sørhus



Guro Stople Sørhus frå Skjold
Jobbar som vernepleier i Haugesund kommune. Gift med Geir Tore og mamma til 3 jenter. Ho er aktiv som dirigent i barnekor og er med i ulike barne- og ungdomsarbeid i Skjold.

De er så mange fine songar som eg likar. Sidan det nærmar seg jul, har eg valt ein julesalme. Ein av mange fine julesalmar er: «En krybbe var vuggen».

«Away in a manger» er den amerikanske julesongen som Eyvind Skeie har oversett første vers og skrivne til to nye vers i den norske versjonen.

Dette er ein song eg lærte då eg var liten. Den har ein så fin tekst som får med heile Jesu liv og grunnen til at han blei født som et lite menneskebarn i krybba julenatt.

Jesu fødsel gjekk roleg for seg. Han var eit spesielt barn. Han kom frå himmelen, frå Gud, og han var Gud. Jesus er Guds store gåve til oss menneske. At Jesus kom som eit lite barn, er ei gåve som Gud gir oss på grunn av sin kjærleik til oss.

Gud valde å komme til verden som Jesus og fødest i ein stall og på ein måte bli fattig, slik at me kan bli rike. Me kan få evig liv i himmelen så sant me tar imot den gáva Jesus er. For ei velsigning.

Songen har to ulike melodiar. Humøret avgjer om eg ønskje å høyra den rolege versjonen eller ein versjon med meir fart i.

Salmen finn du i Norsk salmebok 2013, salme 56.

To fine versjonar eg anbefaler finn du på Spotify: «En krybbe var vuggen», Garness og Sevenjentene

En krybbe var vuggen

Tekst: Eyvind Skeie/Agnes Landmark
Musikk: William J. Kirkpatrick

1 En krybbe var vuggen
som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår
Frelser, så kjær.

Men stjernene lyste helt inn
der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet
av strå.

2 Så enkelt og stille kom
Gud til vår jord.

Så høyt er jeg elsket av
Jesus, min bror.

Han kom fra Guds himmel,
Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg
er blitt rik

3 Fra krybben til korset
gikk veien for deg,

slik åpnet du porten til
himlen for meg.

Velsign oss, vær med oss,
gi lys på vår vei,

så alle kan samles i himlen
hos deg

Ei julegåve til Hyrdingen?

Økonomien er i år på minus, derfor spør vi: Vil du hjelpa oss med å gje ut kyrkjebladet til alle heimar i Vindafjord? For ei støtte i adventstida, stor eller liten, så kan du bruka:

VIPPS-nr. 531472 eller bankkonto: 3240.11.17937

Trusopplæringsprisen til Brit Nelly og Arne

Tekst og foto: Steinar Skartland

På gudstenesta i Vikebygd 24. oktober kunne Britt Karstensen og Berit Listog, overraske Brit Nelly Ness Tveit og Arne Tveit med å overrekke dei «Trusopplæringsprisen for 2021». Tildelt for deira store aktivitet og innsats for barn og unge gjennom mange år.

– Når vi får barn så er vi opptatt av at dei skal ha det godt, innleia Berit Listog, leiar i Felles Utval for Trusopplæring (FUT), med. – Det handlar om både vanleg oppdragelse, men også om ein religiøs oppdragelse. Ein plass å høyra til. Eit trussamfunn å kjenna seg heime i. Det har foreldra vist i dag ved å ta med ungane for å få 4-årsboka og 5. klassingane for å få bibelen.

– For kyrkja vil gjerne hjelpa til med den religiøse eller kyrkjelege oppdagelsen, så foreldra ikkje skal vera åleine om dette, som er eit foreldreansvar.

Berit rosa både tilsette og frivillige for deira gode teneste innan dei 8 kyrkjene vi har her i Vindafjord. Derfor deler FUT ut ein trusopplæringspris kvart år, til ein person eller eit team som vert føreslegne frå folk i kyrkjelydane.

Håp, tru, kjærleik, idealisme, dugnadsånd, pågangsmot, formidling om Jesus til barn og unge.

–Desse orda som står på “Diploma”, fortel kva Brit Nelly og Arne brenn for, sa kateket Britt Karstensen under utdelinga. Kateketen drog fram fleire eksempel på kva prisvinnarane, som ho kalla eit “Superteam”, har teke del i innan kyrkja og trusopplæringsarbeidet gjennom mange år. Som eldsjeler i speidararbeidet, konfirmantarbeidet, musikalsk arbeid og i kyrkja. Eit eksempel er denne gudstenesta der dei tok det meste av opplegget og inviterte 4-åringane til opplevingar i kyrkja laurdagen, og kyrkjesamværet søndag saman med sokneprest Kristian Kyllingstad.

–Dei har eit stort hjarta, eit stort hus og ein stor eigedom, og det må dei ha for det enorme hjarterommet som dei har, sa ho.



Arne Tveit og Brit Nelly Ness Tveit fekk Trusopplæringsprisen for 2021, som består av diplom, blomar og ein keramikkfigur.

–Det er mange som har følt seg velkomne, som har følt seg trygge, som har blitt sett og verdsett, blitt tatt vare på og som har fått hjelp til livsmeistering i liva sine, der det er vanskeleg.

Ei gudsteneste utanom det vanlege – for heile familien

I lang tid har det vore vanskeleg å kunna møtast i kyrkja til gudsteneste. Pandemi, avstand mellom folk i benkene og med færre samlingar. Nå er dette over, vonar vi. Kyrkja var denne sundagen pynta av Vikebuen. Framme i koret var det frukt, grønnsaker, barnebibel, leiker og ein ukulele. Borna kom inn i prosesjon bak krossen, boren av ein femteklassing.

Songarka hadde ikkje gamle salmar med vanskelege ord, men litt enklare tekstar var det i dag. Til Arne på Piano og Kristian prest på Ukulele (strenginstrument), så song forsamlinga:

Hei, her er jeg! Jeg heter ... (og kvar sa sitt eige namn) ... og er ganske grei.

Hei, her er jeg, vil dere være venner med meg?

Jeg heter ... og er ganske grei.

Brit Nelly delte ut boka til fireåringane og fortalte at dei hadde fått vore i kyrkja fredagen også. Der fekk dei leita etter bamsar, døypa ei dukke (som dei kalla Jesus) og ringa med klokkene i tårnet. Så var det 5.klassingane sin tur å få bibelen utdelt.

Den skal dei ha å lesa i fram til konfirmasjonen om nokre år. Så kunne fireåringane og femteklassingane slå opp i kvar sine bøker, og følgja med når presten las om ein mann som vart overfalt av røverar, og om dei som kom forbi etterpå. Vi andre fekk også høyra fortellinga som Jesus fortalte ein gong for lenge sidan.

Det var etterpå at presten hadde fortalt dette at Brit Nelly og Arne fekk utdelt prisen. Og jammen måtte dei som hadde fødselsdag i oktober og november koma fram også. Dei fekk sjokolade og alle i kyrkja song fødselsdagssongen for dei.

I slutten av gudstenesta var det bønnevandring mellom forskjellige postar. Setje nål på verdskartet for dei som den einskilde bad for, tenne lys, få velsigning og krossteiknet i handa, gje offergåve til trusopplæringsarbeidet med meir.

Takk

Denne dagen hadde vi heile to organistar Caroline Bjørnevik spela på kyrkjeorgelet og Arne Tveit på piano. Presten på Ukulele og til avslutning: song-duett med Selma og Lina.

Tusen takk til alle for ei flott gudsteneste for alle generasjonar, og som slutta med kaker, kaffi og saft i midtgangen. Det vart ei anna slags gudsteneste dette, og kjekt var det for alle, både store og små.



Fv. Kim Bjarte Rørheim, Ole Magne Aandahl, Kasper Skipevåg, Magnus Staknes Hauge, Gudmund H. Miljeteig, Dag Andre Skarpeid og Mikkel Leifsen.

Gjenopning av ungdomsklubben i bedehuskjellaren i Vikedal

Av Tone S. Andreassen

Fredag 22. oktober var det opning og feiring av at klubbaktiviteten endeleg var komen i gang igjen etter halvanna år med nedstenging. Born og unge frå Sandeid, Imsland og Vikedal møtte, over 60 totalt - FANTASTISK!

5.-7. klasse frå klokka 18-20, deretter 8.-10.klasse frå kl. 20-23.30. Det var så kjekt å få møtast på klubben igjen. Soknepresten vår hadde ord for kvelden for begge gruppene. Temaet handla om Maria, Josef og Jesu fødsel. Det er flott å sjå så mange sitje saman og lytte til det som blir sagt. Ei veldig fin oppleving. Etter andakten var det tid for taco og spørjekonkurranse med papir og blyant på gamlemåten. Elles var det ulike aktivitetar som kunne prøvast, - biljard, bordtennis, airhockey, Playstation etc. Tsega utfordra ein del av ungdommane til bordtenniskamp. Alltid spennande å sjå kven som er best.

Det vart ein veldig fin kveld for oss alle som var på klubben i bedehuskjellaren i går. Alle, både vaksne og unge, hadde det kjekt i lag.



Trangt om plassen i bedehuskjellaren.



Ord for kvelden ved Tsegayesus.



Bordtennis er populært. Jarle Morgan Baustad i kamp mot sokneprest Tsega.

SLIK BORNA SER JULEBODSKAPEN



Av redaktøren

Redaksjonen inviterte i haust borna i 1.-4. klasse på skulane i Vindafjord til å teikna jule-
songen: «Eit barn er født i Betlehem.» Tusen takk for alle flotte teikningane. Nokre av dei kan du sjå her i bladet og vi
valde ut ein vinnar mellom desse. Han som fekk biletet sitt på framsida er: **Even Moe Vestbø** som går i 4. klasse på
Sandeid skule. Her kan du sjå fleire teikningar:



Ida Fosen, 4. klasse, Vikedal Skule



Jonas Maurangsnes, 3. klasse, Vik Skule



Mathilde Tjemsland, 1. klasse, Skjold Skule



Selma Solheim Gangstø, 4. klasse, Bjoa Skule



Odine Vaksvik, 3. klasse, Skjold Skule



Pola Maria Bartczak, 3. klasse, Vikedal Skule



BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle!

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

Finn fem feil!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00.



50-årskonfirmantane frå Vats

Av Steinar Sørhus

Gullkonfirmantane var samla i løa på Skarhaugen på laurdag 9. oktober. Fleire hadde ikkje truffe kvarandre sidan framhaldskulen. Presten dei las for den sommaren, var Per Kørner Hansen. Dei vart konfirmerte 12. september 1971. Enkelte av dei har i etterkant gjeve uttrykk for at dette kunne dei tenkt seg å gjenta kvart år! På søndag var dei med på gudstenesta (og dei skikka seg vell). Der vart det døypt to born. Gunnar Salomonsen var prest og han hadde ei fin preike (med utgangspunkt i ein utfordrande tekst). Det var befriande og godt å vera på ei gudsteneste att; utan pålagde smittevernreglar! Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi og drøs.

50-årskonfirmantane hadde ei fin markering ved grava til Klaus Krakk etter at det var ferdig i kyrkja.



Framme frå venstre: Else Kristin Dale, Hildegunn Haugen (Innvær), Margit Helene Rødne (Skrunes) og Karin Østbø (Mjølhus).
Bak frå venstre: Knut Arne Skjervheim, Lars Yngve Eidhammer, Henning Hatteland, Svein Amdal, Torleiv Einar Bakkevold, Åge Roald Aaserød og Helge Rødde.
Øvrige 50-årskonfirmantar: Eli Karin Veim (Eikjeland), Astrid Johanne Sørum (Stokkedal), Elisabeth Dueland (Søndenå), Jan Trygve Alvseike, Jan Koltveit, Odd Inge Sørensen og Klaus Krakk (død).
(Foto: Steinar Sørhus)

Gullkonfirmantane frå Imsland

Knut Olav Hustveit og Marit (Staurland) Svandal. Foto: Andreas Andreassen

Gullkonfirmantane frå Sandeid

Frå venstre: Stein Vestbø, Kjell Ove Rørheim, Torunn Hustvedt Oppheim, Roald Apeland, Hild-Tone Heggebø Bjordal, Anne Sissel Moland, Marit Kanstad, Liva Øverland Garvik, Grethe Stople, og Arne Steinnes.
Foto: Andreas Andreassen

Gullkonfirmantane frå Vikedal

Frå venstre: Tønnes Inge Årstad, Olav Oddvar Håråjuvet, Magnar Lilleland, Anny (Øverland) Høtland, Trygve Liestøl, Astrid (Frøland) Nes og Ruth Karin (Eriksen) Halleraker.
Foto: Andreas Andreassen



Gullkonfirmantane frå Bjoa og Ølen

Tekst og foto: Kari Vik Stuhaug

Gullkonfirmantane frå Bjoa og Ølen var inviterte til gudsteneste og samvær i Ølen den 26. september. Det var 39 unge som blei konfirmerte i Ølen kyrkje den 25. april 1971 og 5 i Bjoa kyrkje 2. mai 1971. Ole Meling

var sokneprest. Av desse var det 19 som kom til gudstenesta. Nokre fleire hadde meldt seg på, men vart hindra pga. sjukdom. Etter gudstenesta var det middag og rikeleg høve til å prata på Ølen Gjestegård.

På laurdagskvelden tok jublantane eit privat initiativ, der også dei som var konfirmerte i Vikebygd kyrkje var inviterte. Ungdommar frå desse bygdene gjekk saman på Ølen ungdomsskule for 50 år sidan.



Bak frå venstre: Holger Berge, Egil Eide, Sigmund Lothe, Harald Heggen, Einar Steinsland, Odd Steinar Kvinnesland, Arne Matre, Rolf Opheim, Eivind Vik, Oddvar Vinje
Midtre rekke frå venstre: Else Berge Minde, Berit Drange Torgrimsen, Bjørg Dalaker Helgevold, Ellen Tesdal, Gunvor Hundhammer, Framme frå venstre: Gerd Berge Pedersen, Torill Knutsen Olofsson, Ingebjørg Klungland Warvik, Grethe Brekke Andreassen.

50-årskonfirmantane frå Skjold

Tekst og foto: Gunnar Listog



På biletet ser me frå venstre: Thomas Fosen, Sverre Mortveit, Lillian Mortveit Dittmann, May Synnøve (Amundsen) Sandvin, Bente Håkull Vik, prest Kristian Kyllingstad. Bak f.v.: Norunn Sundfør, Sissel Kvame.

Det er alltid hyggeleg å invitere 50-årskonfirmantane til gudsteneste. Dei var 19 som vart konfirmerte 5. september 1971. I dag er det 16 som lever, og 9 av dei hadde høve til å koma.

Under gudstenesta fortalte Thomas Fosen litt frå konfirmasjonstida. Dei bur i ulike delar av landet, så dei hadde mykje å snakka om.



Konserten med Sveinung og mannskap

Av Steinar Skartland

Det var fullt hus i Ølen kyrkje torsdag 21. oktober, då folk igjen kunne samlast til kyrkjekonsert utan restriksjonar. Sveinung Bjelland i uniformsjakke og på gitar og vokal hadde med seg i mannskapet: Jon Ørnes (banjo, dobro, gitar); Arnt Ove Kvernenes (munnspele); Anders Lunde (kontrabass), og ikkje minst Dagny Christophersen (vokal) som også deltok med fleire eigne soloinnslag. Repertoaret var elles mangfaldig og skifte mellom Bjellands eigne songar, salmar og bluegras. Folket i den fullsette kyrkja var frå mange av bygdene i Vindafjord. Timen som konserten skulle vara gjekk fort, og publikum ga seg ikkje med applausen før bandet kom inn igjen og framførte ekstrasnummer.



Sjefredaktør i Vårt Land, Helge Simonnes
(Foto: Gunnar Listog)

Arven etter Donald Trump!

Tekst og bilde: Gunnar Listog

12. oktober var tidlegare sjefredaktør i Vårt Land, Helge Simonnes, i Skjold kyrkje. Her káserte han om temaet: «Arven etter Donald Trump – når konspirasjonsteoriar og religiøs retorikk truer demokratiet».

Dei om lag 70 frammøtte fekk høyra ein engasjerande journalist og bokfattar kásere om korleis Trump på ein

medviten måte nytta religiøs retorikk for å få med dei kvite, evangelikale veljarane på si side. Desse veljarane kom til å støtte Trump både ved valet i 2016 og 2020. Dei støtta han då han hevda at valet var stole. Kristne var òg med i storminga av Kongressen.

Simonnes understreka spesielt at retorikk av type: Gud vil det! Han er Guds utvalde! – er eit farleg, politisk

språk. Slik «herleghetsforkynning» koplar ut intellektet. Det norske demokratiet er heilt annleis tufta enn det amerikanske. Likevel, sa Simonnes, må me våge å snakke om dette temaet, og ikkje bagatellisere det.

Etter kásariat, litt kaffi og kake – og ein spørjerunde, var det mange som kjøpte bøkene av Simonnes.

Ein kveld til ettertanke!



Bedehuset før og etter.



Vikebygd Bedehus Betlehem

Av Kjersti Hausberg Bjerga

I løpet av 2021 har bedehuset Betlehem i Vikebygd blitt malt og fått nytt kors med lys.

For fleire år sidan kom det ynskje frå folk i bygda, og styret var einig, at bedehuset skulle få eit kors med lys i på veggene ute. Etter å ha leita og sett rundt om, fann styret ut at det beste var å laga eit. Geir Mandius Vårvik som då sat som vara i styret, svara: «Ja, det må nå gå an. Det skal eg få til». Og som sagt som gjort. I finaste materiale og med glas utanpå vart

korset ferdig. Men det skulle igjen gå ei tid før det kom på veggene, for bedehuset trong sårt om ny maling. Og det var greitt at bordkledninga var klar før korset kom opp. Med nestleiar Arne Tveit i spissen for ein flott dugnad, vart Bedehuset malt i vår. Og i haust fekk Dag Nagel-Alne korset på veggene, og elektrikaren laga til stikkontakt på innsida slik at alt er i orden. Nå lyser korset opp på den eine uteveggen på bedehuset. Takk til alle som gjorde det mogleg!

Stort behov for fleire fosterheimar

Tekst: Tove Marie Sortland,
Stavanger bispedømme

I Rogaland ventar over 80 barn på å få ein ny og trygg heim. Borna er ulike og derfor trengst det også forskjellige typar fosterheimar. Kanskje noko å tenkja på for din familie? Bufetat er glade for kyrkje-samarbeid.

Den norske kyrkja har avtalt med Bufetat å vera ambassadør for fosterheim. Informasjon er ein viktig del av avtalen.

– Vi er svært glade for at kyrkja vil samarbeida med oss om å finna fosterheimar til barn og ungdom som ikkje kan bu heime lenger. Det er mange barn i Rogaland som treng fosterheim. Heldigvis er det mange gode fosterheimar i dette fylket, men vi treng framleis mange fleire, seier Mallin Østerhus, einingsleiar i Fosterheimstenesta i Bufetat, region vest.

– Eg veit også at det er mange gode og omsorgsfulle familiar som er aktive i kyrkjelydane i fylket. Vi vil forsøka å bidra til å spreie informasjon om behovet for nye heimar rundt



– Det er så viktig at varmen og kjærleiken til borna kjem i første rekke. At barnet får vera i sentrum og kjenna seg verdifullt, seier den erfarne fostermora Ingebjørg. Illustrasjonsfoto: Pixabay

om i fylket, og invitera interesserte til samtale med ein av våre rådgjevarar eller til informasjonsmøte, seier Østerhus.

– Det er ikkje slik at alle skal bli fosterheim, men vi er helt sikre på at det er fleire som kunne blitt det, avslutta Marit Areklett og Ann Mari Larsen.

Bufetat

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjems-tjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på

fosterhjem.no

Illustrasjonsfoto

Då lo eg

Tove Mette Stødle, bur i Åmsosen i Vats, lærar ved Skjold skule og engasjert i KORe' Vindafjord.

Det er jo så inn i tida med «gledning», men eg har vel min tvil om dette kan kallast «gledning».

Nye tonar

Det var rett før gudstenestetid då fru Jensen, som ofte hadde vore avvisande mot fru Olsen, plutselig kom bort og gav ho ein god klem.

Fru Olsen blei naturlegvis ganske forbausa og lurte på kva som

låg bak denne overraskande haldningsendringa.

Då gudstenesta gjekk mot slutten, kom svaret:


– Oppgåva for neste veke, forkynte pastoren, er den same som sist.

Å gå bort og vis kjærleik ovanfor nokon de ikkje kan fordra!

Eg vil gjerne utfordra Ragnhild Nordtveit i Blikrabygda til å bidra med neste historie/vits.



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

NLMvgs

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

Haugesund Sparebank



Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller VIPPS valgfritt beløp til 13130



BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutik.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

.tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no
Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

1 av 10 born guar seg til jul, viser ei undersøking Blå Kors gjennomførte i fjor. Psykiske utfordringar, auka alkoholbruk, dårleg råd og konflikter i familien, er nokre av hovudårsakane til at jula er ei krevande tid for einskilde familiar.

Dette gjer Blå Kors noko med! Takka vere gåver frå kyrkjelydar og einskildpersonar kan vi gje støtte og håp til dei som treng det aller mest.

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Informasjon – sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
05.12.	17:00	Vikebygd kyrkje	Lysmesse m. speidarar og konfirmantar, Takkoffer: Norges KFUK-Speidere	Joh 16,21-24
05.12.	19:00	Skjold kyrkje	Lysmesse m. konfirmantar, Takkoffer: Kirkens Fengselsarbeid	Joh 16,21-24
05.12.	19:00	Vikedal kyrkje	Lysmesse m. konfirmantar, Takkoffer: Konfirmantarbeidet	Joh 16,21-24
12.12.	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 5,31-36
12.12.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Feedback	Joh 5,31-36
12.12.	17:00	Ølen kyrkje	Lysmesse ved konfirmantar, Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh 5,31-36
19.12.	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Matt 1,18-25
24.12.	13:30	Vats kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24.12.	13:30	Imsland kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Bedehuset i Imsland	Luk 2,1-20
24.12.	13:30	Bjoa kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Luk 2,1-20
24.12.	14:45	Vikedal kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2,1-20
24.12.	15:00	Skjold kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
24.12.	15:00	Ølen kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Luk 2,1-20
24.12.	16:00	Sandeid kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Luk 2,1-20
24.12.	16:15	Ølen kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Kirkens Bymisjon	Luk 2,1-20
24.12.	16:30	Vikebygd kyrkje	Julaftangudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Luk 2,1-20
25.12.	11:00	Sandeid kyrkje	Høgtidsgudsteneste Juledag, Takkoffer: Brandøy	Joh 1,1-14
25.12.	12:00	Skjold kyrkje	Høgtidsgudsteneste Juledag, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 1,1-14
25.12.	12:00	Ølen kyrkje	Høgtidsgudsteneste Juledag, Takkoffer: Diakoniarbeidet	Joh 1,1-14
31.12.	23:00	Vats kyrkje	Midnattsgudsteneste, Takkoffer: Hyrdingen	Matt 11,25-30
01.01.	12:00	Vikedal kyrkje	Familiegudsteneste, utdeling av bibel 5.kl. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Matt 18,19-20
09.01.	11:00	Sandeid kyrkje	Familiegudsteneste, utdeling av bibel 5.kl. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Joh 1,29-34
09.01.	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Joh 1,29-34
09.01.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Joh 1,15-18
16.01.	11:00	Bjoa kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Joh 1,15-18
16.01.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Joh 1,15-18
23.01.	11:00	Imsland kyrkje	Familiegudsteneste, utdeling av bibel 5.kl. Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Luk 13,10-17
23.01.	11:00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, utdeling av bibel 5.kl. Takkoffer.	Luk 13,10-17
23.01.	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Luk 13,10-17
30.01.	11:00	Vikedal kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 5,1-15
30.01.	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Joh 5,1-15
06.02.	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Temagudst. Takkoffer: Bibelselskapet	Mark 13,21-27
06.02.	11:00	Brandøy	Familiegudsteneste, 5.kl.leir på Brandøy Takkoffer:	Mark 13,21-27
06.02.	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer.	Mark 13,21-27

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Døde	Vigde
Sandeid	17.10. Filip Vestbø	25.09. Asbjørn Harald Lervik f. 1933	Ingen hendingar
Ølen	23.10. Nikolai Djuve Matre 23.10. Mali Vestbø Heggen 07.11. Dina Kvamme Fedje	25.10. Øyvind Johnsen f. 1976 06.11. Kjell André Egeland f. 1968	02.10. Rebekka Lillemo og Bjarne Lunde 23.10. Merete Kambe og Tommy André Johansson
Skjold	03.10. Lovisa Bådsvik Tjeltveit 03.10. Sølvi Tronstad Holgersen 03.10. Sigrid Svendsbøe 17.10. Ask Gausvik Gustafsson 17.10. Linnea Mjølhus Frønsdal	21.10. Gunhild Lilleland f. 1931	Ingen hendingar
Vats	10.10. Rune Aleksander Sjølyst Dagsland 10.10. Håvard Strand	Ingen hendingar	09.10. Trude Krakk og Martin Christiansen 16.10. Linda Nesheim og Per Inge Sandvik
Vikedal	24.10. Maren Ørnes	05.10. Margrete Sævareid f. 1964 23.10. Knut Utaaker f. 1948 24.10. Jens Hundseid f. 1929	Ingen hendingar
Bjoa	31.10. Hanna Haraldsen Nåden 31.10. Luka Vølstad Stople 31.10. Tobias Emil Stelzer Sandsgård	Ingen hendingar	Ingen hendingar

JULEKONSERTAR



ØLEN KYRKJE 15.12. kl. 19:00
Julemagi med Amelie og Erik Aldner.
 Velkommen til en intim og stemningsfull julekonsert med dei mest elska julesongane! Fremført av Amelie Aldner (sang og piano) og Erik Aldner (saksofon). Prisar: 200,- / 100,-

SKJOLD KYRKJE 09.12. om kvelden
 Meditation on Christmas med Espen Eriksen.
 Samarbeid med Vats, Skjold og Vikebygd sokneråd.

VIKEBYGD KYRKJE 12.12. kl. 17:00
 Tradisjonell julekonsert med lokale musikarar: Arne Tveit & Helge Veastad, Hanna Svendsbø & Annelen Bakkevik, Caroline T. Bjørnevik, Lina Fisk Eide, m.fl.
 Arrangør: Kulturutvalet i Skjold og Vikebygd sokneråd.

Kyrkjetunet i Ølen

Følg med på nettsida kyrkjetunet.no og Facebook-sida vår!

02.12.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
02.12.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
02.12.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
04.12.	laurdag	15:00	Førjulsfest internasjonalt treffpunkt/ Mitt fargerike nabolag
07.12.	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnevandring
10.12.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
10.12.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
11.12.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
11.12.	laurdag	19:00	Adventsamling. Andakt v/ Roar Vik
12.12.	søndag	11:00	Familiesamling
14.12.	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnevandring
16.12.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
21.12.	tysdag	19:30	Bønnemøte/bønnevandring
05.01.	onsdag	19:00	Velkommen heim, kurskveld 4
06.01.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
13.01.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
13.01.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
14.01.	fredag	18:00	Bønnemøte - Fellesskap på tvers
14.01.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
15.01.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
16.01.	søndag	17:00	Nyårsfest
19.01.	onsdag	19:00	Velkommen heim, kurskveld 5
20.01.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
23.01.	søndag	11:00	Familiesamling m/kyrkja
27.01.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
27.01.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
02.02.	onsdag	19:00	Velkommen heim, kurskveld 6
03.02.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
03.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
04.02.	fredag		Misjonshelg, NMS
05.02.	laurdag		Misjonshelg, NMS
06.02.	søndag		Misjonshelg, NMS
10.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
10.02.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
12.02.	fredag		Fest, Indre sjømannsmisjon

Innbjoa bedehus

05.12.	søndag	16:00	Adventssamling
06.12.	måndag	18:30	Bønne- og nattverdsmøte
08.12.	onsdag	11:00	Bønnemøte
13.12.	måndag	18:30	Bønnemøte
14.12.	tysdag	17:30	Mini-Credo 1,5 t
15.12.	onsdag	11:00	Bønnemøte
20.12.	måndag	18:30	Bønnemøte
22.12.	onsdag	11:00	Bønnemøte

Bedehusa i Vats

08.12.	onsdag	19:00	Øvre Vats: Samemisjonen
15.12.	onsdag	19:00	Blikrabygda: Indre Sjø
05.01.	onsdag	19:00	Øvre Vats: NMS. Hellige tre kongers fest
12.01.	onsdag	19:00	Blikrabygda: Normisjon
15.01.	laurdag	19:00	Øvre Vats: Nyttårsfest
19.01.	onsdag	19:00	Kårhus: Samemisjonen
26.01.	onsdag	19:00	Øvre Vats: Lys over land
02.02.	onsdag	19:00	Blikrabygda: Gideon
09.02.	onsdag	19:00	Kårhus: Normisjon
16.02.	onsdag	19:00	Øvre Vats: Indre Sjø
23.02.	onsdag	19:00	Blikrabygda: NLM

Vikebygd bedehus

09.12.	torsdag	19:30	Gladsong/Adventsmøte
27.12.	måndag	16:00	Juletreffest
13.01.	torsdag	19:30	Møte
27.01.	torsdag	19:30	Møte
10.02.	torsdag	19:30	Møte

Vågen bedehus www.vaagenbedehus.no

02.12.	torsdag	19:30	Møte Talar: Johannes Olsen. Tema: "Sunn og veksande forsamling"
03.12.	fredag	19:30	Møte med kveldsmat og samtale. Stad: Bygdasenteret. Talar: Marit Hårklau Ådnanes. Tema: "Tru i heimen"
04.12.	laurdag	17:00	Generasjonssamling. Stad: Bygdasenteret. Talar: Marit Hårklau Ådnanes.
05.12.	søndag	11:00	Storsamling på Bygdasenteret. Talar: Marit Hårklau Ådnanes. Tema: "Sunn og veksande forsamling". Søndagsskule
07.12.	tysdag	17:30	Gutelag og jentelag (1.-4. klasse)
07.12.	tysdag	19:30	Tweens (5.-7. klasse)
08.12.	onsdag	20:30	Bønnemøte
15.12.	onsdag	20:30	Bønnemøte
19.12.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule Stad: Bygdasenteret. Talar: Torgeir Lauvås. Tema: "Jesus er: Verdens lys" (Joh. 8)
22.12.	onsdag	20:30	Bønnemøte
24.12.	fredag	15:00	Høgtidsmøte. Stad: Bygdasenteret
28.12.	tysdag	17:00	Juletreffest
05.01.	onsdag	19:30	Møte Talar: Marit S. Berland og Irene Alnes
06.01.	torsdag	19:30	Møte Talar: Marit S. Berland og Irene Alnes
07.01.	fredag	19:30	Møte Talar: Marit S. Berland og Irene Alnes
08.01.	laurdag	19:30	Møte Talar: Marit S. Berland og Irene Alnes
09.01.	søndag	19:30	Møte Talar: Marit S. Berland og Irene Alnes
12.01.	onsdag	20:30	Bønnemøte
16.01.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule. Stad: Bygdasenteret. Talar: Georg Mork
19.01.	onsdag	20:30	Bønnemøte
26.01.	onsdag	20:30	Bønnemøte
30.01.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule. Stad: Bygdasenteret. Talar: Øvind Solheim
02.02.	onsdag	19:30	Årsmøte for forsamlinga
06.02.	søndag	19:30	Nattverdsmøte
09.02.	onsdag	20:30	Bønnemøte
13.02.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule. Stad: Bygdasenteret

Bedehusa i Skjold

02.12.	torsdag		Ersland: Bønnemøte
11.12.	laurdag	10:30	Kyrkja: 10:30-12:00 Avanaklubb
27.12.	måndag	18:00	Ersland: Juletreffest
27.12.	måndag	18:00	Austrheim: Juletreffest

Brandøy Misjons- og konferansesenter

3.-5. desember: Adventshelg for 5.-7. klasse.
11.-13. februar 2022: Damehelg.
 Informasjon og påmelding på:
www.indremisjonssamskipnaden.no
 eller tlf. 53410704 (IMS).

Vikedal Bedehus hausten 2021

Julemiddag: Fredag 10.12. kl. 19:00.
 Middag, dessert, kaker og kaffi. Kr. 250,- pr. pers.
 Påmelding til Herdis Pedersen mob. 472 53 001.

Sprell Levande – Vats

Juleverkstad: Laurdag 4.12. kl. 12:00-14:00
 Ta med borna og kom!

Nyttårsfest – Vats

Øvre Vats bedehus. 15.01.2022 kl. 18:00
 Andakt, mat og underholdning.
 Vel møtt. Styret.



Vindafjord Soul Children.



Liv Kari Bødtker fortalde om kyrkja si historie.



Sokneprest Kari Vik Stuhaug las dikt.



Foran: Dåpssettet (kanna frå 1872, kjøpt på antikvariat i Danmark).

Bak: Leiar i Ølen og Bjoa sokneråd Signe Britt Vik med konferansier Knut Arve Omdal.

Endeleg jubileumshelg på Bjoa

Tekst og foto: Harald Helberg

I 2020 vart Bjoa kyrkje si markering av 125-årsjubileet utsett som så mykje anna på grunn av pandemien. Siste helg i oktober 2021 var det endeleg tid for feiring.

Helga vart innleia med ein konsert i kyrkja fredag 29. oktober. Med flotte musikalske innslag bidrog Vindafjord Soul Children, Trond Ponce (song og gitar), Anders Lunde (bass) og Juri Kotkovitch på orgel. Det blei også allsong av salmen «Deg å få skode» og den keltiske velsigninga til slutt.

Konferansier for kvelden var bjoabuen Knut Arve Omdal. Han representerte Ølen og Bjoa sokneråd. Livets overgangar var den raude tråden i leiinga hans. Mange er blitt døypte, konfirmerte, gifte og gravlagde

frå denne kyrkja. Omdal kunne fortelje om det nyinnkjøpte dåpssettet. I samband med jubileet kjøpte soknerådet inn eit nytt dåpsfat som er laga av sølvsmeden C.C. Hermann frå København. Den nye dåpskanna er frå 1872, og er dekorert med englefugar. På konserten blei det tatt opp offer til dette nye settet.



Liv Kari Bødtker fortalde om kyrkja si historie. Før kyrkja kom på plass måtte ein over til Fjeldberg for å delta i gudstenester. Unntaket var på slutten gravferd, for kolerakyrkjegar-

den kom på plass i Vedvikjo rundt år 1850. Bjoa kyrkje vart innvia 3. juli 1895 etter stor dugnad frå lokale bjoabuar og hjelp frå byggmeister Tengesdal frå Ryfylke. Sidan den gong har kyrkja blitt oppgradert i fleire omgangar, og no opp mot 125-årsjubileet er det blitt skifta bordkledning, isolert, nye vindauge og som nemnd blitt investert i eit nytt dåpssett.

Mot slutten av konserten las sokneprest Kari Vik Stuhaug eit dikt og lyste velsigninga.

Søndag 31. oktober deltok prost Rune Steensnæs Engedal i jubileumsgudstenesta i tillegg til sokneprest Kari Vik Stuhaug. Tre barn vart døypte. Dermed fekk ein god bruk for det nye dåpssettet i denne jubileumshelga.

Andaktstelefonen
380 91700
 Åpent bele døgnet!
 Ny andakt tirsdag og fredag
 Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
 Eit menneske å snakke med når livet er som verst
 SOS-Chat: www.soschat.no
 **Kirkens SOS**
22 40 00 40
 SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 11. februar.
 Frist for levering av stoff: 10. januar.